



Møteprotokoll

Utval: Formannskap
Møtestad: Solund Grendahus
Dato: 11.06.2026
Tid: Kl. 09:00 - 09:30
Saksnr.: 035/26 – 036/26

Faste representantar som møtte:	Parti
Signe Bjørøy	H
Gunn Åmdal Mongstad	SP
John Sigfred Hugøy	SP
Sara Tunestveit	SP

Forfall faste representantar:	Parti	Fylgjande vararep. møtte:	Parti
Andreas Færøy Gåsvær	AP	Anne Marie Gåsvær	SP

Møteleiar: Gunn Åmdal Mongstad

Møteinnkalling:	Innkalling datert 5. juni 2026
Kunngjering:	Heimeside
Frå administrasjonen møtte:	Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt Stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen Leiar for Plan og tekniske tenester Kjartan Nyhammer
Permisjon frå møte:	
Godkjenning innkalling:	Det var ingen merknad til innkallinga.
Godkjenning sakliste:	Det var ingen merknad og saklista vart samrøystes godkjent.
2 rep. underskrift møtebok:	Representantane Signe Bjørøy og John Sigfred Hugøy vart samrøystes valde.
Utlevert i møtet:	
Spørsmål/interpell.:	
Orientering:	
Synfaring:	
Diverse:	

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
035/26	Godkjenning av møteprotokoll
036/26	Sluttbehandling mindre endring av detaljreguleringsplan for Klubben bustadfelt

Underskrifter:

035/26: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap sin møteprotokoll frå 4. juni 2026 vert godkjent.

Handsaming i Formannskap 11.06.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 035/26 VEDTAK:

Solund formannskap sin møteprotokoll frå 4. juni 2026 vert godkjent.

036/26: Sluttbehandling mindre endring av detaljreguleringsplan for Klubben bustadfelt

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre godkjenner framlegg til mindre endring av detaljreguleringsplan for Klubben bustadfelt, PlanID 4636_201502, som vist på plankart datert 28.05.2026, og med føresegner og planomtale datert 28.05.2026.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-14.

Handsaming i Formannskap 11.06.2026:

Representanten Signe Bjørøy bad formannskapet vurdere hennar gildskap som bebuar i Klubben bustadfelt. Solund formannskap fann representanten gild til å handsame saka. Representanten deltok ikkje i vurdering av eige gildskap.

Felles framlegg om tillegg:

Nytt 2. avsnitt:

Tomt 1 blir tatt ut av planen i samsvar med K-sak 008/25

Votering:

Det vart røysta samla over kommunedirektøren sitt framlegg om vedtak og felles framlegg om tillegg. Kommunedirektøren sitt framlegg om vedtak og felles framlegg om tillegg vart samrøystes vedteke.

FOR- 036/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre godkjenner framlegg til mindre endring av detaljreguleringsplan for Klubben bustadfelt, PlanID 4636_201502, som vist på plankart datert 28.05.2026, og med føresegner og planomtale datert 28.05.2026.

Tomt 1 blir tatt ut av planen i samsvar med K-sak 008/25

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-14.